

---

# Landsmøtet Sakspapir

**Møtedato** 04.04.2019-07.04.2019  
**Ansvarlig** Sentralstyret  
**Saksnummer** LM9 05.02-19  
**Gjelder** Handlingsplan 2019-2020



---

## 1 Vedlegg til saken:

2 1. Forslag til handlingsplan for NSO 2019-2020.

## 3 HANDLINGSPLAN 2019-2020

### 4 FØREMÅL

5 Vedta handlingsplan for Norsk studentorganisasjon (NSO) for perioden 2019-2020.

### 6 PRESENTASJON AV SAKA

7 Handlingsplana er organisasjonen si prioriteringar i den komande perioden, og eit viktig verktøy for  
8 planlegginga av arbeidet i 2019-2020. Handlingsplana er omtala slik i vedtektene:

#### 9 § 3.1.3 Handlingsplan

10 *Handlingsplana regulerer og prioriterer det politiske og organisatoriske arbeidet i*  
11 *organisasjonen og skal vere i tråd med prinsippprogrammet, politiske plattformer vedteke av*  
12 *landsmøtet og vedtektene.*

13 *Handlingsplana vert handsama kvart år.*

### 14 VURDERING

15 Handlingsplana er eit dokument som ligg til grunn når ein skal planlegge og prioritere arbeidet i  
16 perioden. Ho omfattar heile organisasjonen, men er naturleg nok fyrst og fremst eit verktøy for  
17 arbeidsutvalet (AU) og sentralstyret (SST). Handlingsplana er ikkje ei liste over alt NSO skal arbeide  
18 med, men over kva landsmøtet meiner er viktigast akkurat i denne perioden. Det er landsmøtet sin  
19 måte å seie kva som skal vere i fokus. Sentralstyret har lagt til grunn at sakene som blir løfta i  
20 handlingsplana fyrst og fremst er nasjonale saker, det vil seie at det er nasjonale organ eller  
21 myndigheiter som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka me ynskjer iverksett. I størst mogleg grad  
22 dekker handlingsplana tiltak som skal gjennomførast i løpet av perioden, langsiktige mål er slått fast i  
23 prinsippprogrammet og dei politiske plattformane.

24 Sentralstyret vil presisere at handlingsplana ikkje er ei fullstendig oversikt over sakene som  
25 organisasjonen skal jobbe med i perioden, men at ho trekk fram særskilt viktige moment  
26 organisasjonen må ta tak i den komande perioden. Det er òg viktig å presisere at handlingsplana ikkje  
27 er dekkande for kva kvart enkelt AU-medlem skal jobbe med, arbeidsfordelinga gjer AU på tvers av  
28 fagområde.

### 29 DEN POLITISKE SITUASJONEN

30 Sentralstyret vil seie litt om dei eksterne føresetnadene me må forholde oss til. Arbeidet blir i stor grad  
31 prega av den politiske situasjonen i landet. Dette tyder også at dersom den politiske situasjonen endrar  
32 seg betydeleg er det viktig at arbeidsutvalet forstår prioriteringane frå landsmøtet og kan setje dei inn i  
33 ein ny kontekst. Prioriteringane frå sentralstyret kjem frå aktuelle politiske prosessar og arbeid som  
34 allereie er sett i gang. Fleire saker som ein opplever som viktige kan difor ikkje bli løfta her - det er  
35 føringar som tilseier at saka blir meir aktuell på eit seinare tidspunkt. Likevel vil mange tema som ikkje

36 er nemnt eksplisitt i handlingsplana vere aktuelle i perioden, fordi det fell inn under oppfølging av  
37 regjeringserklæringa og NSO sitt arbeid med valet i september 2019.

38 Handlingsplana er delt inn under ulike overskrifter, som seier noko om kva dei ulike grupperingane av  
39 punkt har til felles. Slik meiner sentralstyret at debatten om handlingsplana blir halde oversiktleg. For å  
40 sjå meir om kva arbeidsutvalet har gjort i den inneverande perioden anbefalar sentralstyret å setje seg  
41 inn i arbeidsutvalet sin rapport til landsmøtet.

## 42 **PRIORITERINGAR**

43 Sentralstyret meiner prioriteringane i handlingsplana må vere realistiske sett opp mot  
44 arbeidskapasiteten arbeidsutvalet har. Sjølv om handlingsplana ser kort ut er det mange omfattande  
45 punkt, og det er mykje sentralstyret meiner ligg under dagleg drift av organisasjonen som også tek  
46 mykje tid. Difor er det viktig at eventuelle nye saker landsmøtet vil leggje til blir vurdert opp mot  
47 forslaget frå sentralstyret, og ikkje berre blir lagt til. Viss arbeidsmengda fører til at arbeidsutvalet må  
48 prioritere innanfor bestillinga i handlingsplana vil det svekke landsmøtet si styring av arbeidet.

49 Sentralstyret har vedteke organisasjonen sine statsbudsjettprioriteringar. Desse dreier seg om  
50 studentvelferd og vil liggje fast i arbeidet på dette området. Sentralstyret vil peike på at arbeidet her i  
51 stor grad dreier seg om å styrke studentøkonomien ved å innfri statsbudsjettprioriteringane. For denne  
52 perioden er statsbudsjettprioriteringane:

- 53 1. Studiestøtta blir auka og knytt til 1,5 G fordelt over 11 månader.
- 54 2. Endringa i konverteringsordninga skal reverserast slik at minst 40 prosent av studielånet blir  
55 konvertert til stipend ved oppnådde studiepoeng.
- 56 3. Det skal bli gjeve tilskot til bygging av 3000 studentbustader og kostnadsramma skal justerast  
57 årleg.

## 58 **STUDENTLIVET**

59 Studentane si helse- og trivselsundersøking syner at det er ein sterk samanheng mellom  
60 studentengasjement og god psykisk helse. Studentfrivilligheita er ein svært viktig del av kvardagen for  
61 studentar, og har stor innverknad på både fysisk og psykisk helse. Gode rammevilkår for slike  
62 organisasjonar vil ha god effekt for eit breitt spekter av studentar.

63 Vidare er det nødvendig med ytterlegare førebyggjande tiltak for å betre psykisk helse. Då må det vere  
64 lågterskeltilbod som rettar seg mot alle studentar. Når me samanliknar andelen tapte friske leveår på  
65 grunn av psykiske lidningar etter tilstand er det depresjon og angst som er dei to største kategoriane.  
66 Behandling for psykiske lidningar er ikkje heile løysinga, førebygging er også svært viktig. Førebygging  
67 er tiltak som blir sett inn før nokon blir sjuke, og reduserer antal nye tilfelle av sjukdom, difor meiner  
68 sentralstyret at dette er ei viktig prioritering for studenthelsa.

69 I dag finst det ikkje tilfredsstillande forsikringsdekking ved ulukke eller sjukdom som skjer i  
70 undervisningssituasjonen. Sentralstyret meiner studentar burde dekkjast av yrkesskadeforsikringslova,  
71 sidan denne gir rett til full erstatning. NSO tilbyr ei studentforsikring saman med Bafo  
72 Forsikringsmegling, men dette er ikkje eit fullgodt tilbod. Sentralstyret meiner at NSO bør prioritere  
73 forsikring i arbeidet med revidering av universitets- og høgskulelova som skjer akkurat no.

74 Personar med låg inntekt har rett på bustøtte for å lette den økonomiske byrda si. Dette gjeld derimot  
75 ikkje viss ein får støtte gjennom Lånekassa. Sentralstyret meiner det er urimeleg at studentar blir  
76 unnateke ei vanleg støtteordning for personar i ein svak økonomisk situasjon, og ynskjer å innlemme  
77 studentar i den eksisterande bustøtteordninga.

78 Gravide studentar og studentar med born må få betre støtteordningar. Dagens ordningar er i stor grad  
79 laga for å sikre kvinner si moglegheit til å delta i arbeidslivet, og har ført til ei positiv utvikling i Noreg.  
80 Både kvinner og menn tek del i arbeidslivet, og bae foreldra har ansvar for bornet. Desse ordningane  
81 er ikkje fleksible nok for studentar, sidan støtteordningane er knytt til arbeidslinja. Det må kome på  
82 plass trygge og føreseielege økonomiske rammer og betre tilpassing av studieløpa for at fleire skal  
83 velje å få born i studietida.

## 84 **INTERNASJONALT**

85 Utdanning er avgjerande for demokrati og samfunnsutveikling, og må vere tilgjengeleg for alle. I januar  
86 2018 auka avgifta for studentvisum med 65 prosent, og er no på 5300 kroner. I tillegg er det krav om ei  
87 kontantbeholdning på 116 369 kroner for å få innvilga visum. Dette utgjer ei enorm økonomisk barriere  
88 for internasjonale studentar utanfor EU/EØS-området som ynskjer å studere i Noreg. Samstundes er  
89 det strenge restriksjonar for kor mykje studentar får jobbe ved sidan av studiet, med ei maksimumsgrense på  
90 20 timar i veka. Jamnleg ser me at desse krava gjer at studentar ikkje får visum, eller at dei blir kasta ut  
91 av landet fordi dei jobbar for mykje eller har for lite pengar på kontoen sin. I tillegg er det eit problem at  
92 det tek lang tid å få D-nummer eller personnummer. I neste rekkje gjer dette at det til dømes tek lang  
93 tid å etablere norsk bankkonto. Mange studentar får ekstra utgifter på grunn av dette. Konsekvensen er  
94 at internasjonale studentar ikkje får på plass betalingsmetodar før lenge etter ankomst, og i mange  
95 tilfelle fyrst når opphaldet deira nærmar seg slutten.

96 Norsk studentorganisasjon har jobba for å få på plass ei global studentstemme i fleire år. Etter at NSO  
97 fekk tildelt vertsskapet for den europeiske studentunionen (ESU) si generalforsamling i mai 2016 har  
98 arbeidet vore høgt prioritert. I samband med generalforsamlinga vart ei gruppe studentar frå  
99 studentrørsla i Brasil, Canada, Colombia, Burkina Faso, Burma, Zimbabwe, Kazakhstan, Spania og  
100 stillehavsøya Niue samla for å skrive eit dokument som stadfesta verdigrunnlaget for den globale  
101 studentstemma. Arbeidet skulle bli følgd opp ytterlegare i januar 2018 under eit studentmøte i Brasil,  
102 men møtet vart avlyst på grunn av politisk uro i landet. Sidan då har arbeidet dreia seg om å byggje  
103 nye kontaktar og å få nye partnerar for å arrangere eit nytt møte. Dette må bli sett i samanheng med at  
104 UNESCO skal vedta ein ny global konvensjon for høgare utdanning i november 2019.

## 105 **UTDANNINGSKVALITET**

106 Det er ikkje nok at stortinget har vedteke ei stortingsmelding om kvalitet i utdanninga, me må jobbe  
107 vidare med fleire av dei foreslåtte tiltaka. NSO skal vere ein pådrivar for at auka kvalitet i høgare  
108 utdanning skal vere prioritert både frå politisk hald nasjonalt og lokalt på institusjonane. Særleg må  
109 dette gjelde fagleg oppfølging av studentane.

110 Me må halde fram arbeidet med å setje berekraft på agendaen. Dette er eit arbeid som er særst viktig  
111 no, dersom me skal klare å nå dei ambisiøse måla sett i Agenda 2030.

112 Praksis er uvanleg i mange studieprogram i dag. Og dei som har praksis vert ikkje tilstrekkeleg  
113 kompensert for den innsatsen dei må leggje ned. Det er eit ynskje frå NSO at fleire skal ha praksis i  
114 utdanninga si, men dei må også få belønning for det. Difor meiner sentralstyret at me må jobbe for å  
115 innføre studiepoeng for all praksis i høgare utdanning.

116 Språk i akademia har vore ein aktuell diskusjon i lang tid, særleg det siste året. Sentralstyret meiner  
117 NSO skal jobbe for at alle studentar får oppleve eit akademia der dei språklege behova deira blir møtt.  
118 Faglege behov handlar om at undervisninga skal bli gitt på forståeleg språk og gjere studentane i stand  
119 til å ta del i både nasjonale og internasjonale fagmiljø. Identitetsmessig handlar språk om å sjå språket  
120 sitt i bruk i kvardagen.

121 Revideringa av universitets- og høgskulelova er eit omfattande arbeid som organisasjonen må forvente  
122 å bruke store ressursar på også i året som kjem.

123 Ei auka satsing på innovasjon og entreprenørskap i høgare utdanning vil setje studentar i stand til å  
124 bruke den tileigna kunnskapen sin på nye område. Alle treng ikkje bli gründerar, men alle bør ha  
125 verktøya dei treng for å kunne bli det.

126 Det er mange studentar som har ulike behov for tilrettelegging. Det finst inga nasjonal oversikt over kva  
127 behovet er eller kva som blir gjort for desse. Sentralstyret ynskjer å gjennomføre ei nasjonal kartlegging  
128 som også kan bli lagt til grunn for vidare politikktutforming.

## 129 **INTERNPOLITISK**

130 Organisasjonsutvikling er langsiktig arbeid. Dette krev at heile organisasjonen er bevisst kva me jobbar  
131 med. NSO skal alltid jobbe for å ha ein open, inkluderande og engasjerande organisasjon. Sentralstyret

132 meiner at organisasjonen sine kurstilbud er viktige, og må både styrkast og gjerast meir kjent blant  
133 medlemmane.

134 Vidare må den årlege medlemsundersøkinga bli nytta til å leggje fram konkrete forslag for Universitets-  
135 og Høgskulerådet slik at studentdemokratia i Noreg kan styrkast ytterlegare. Dei siste to åra har NSO  
136 brukt undersøkinga til å setje søkelyset på område der institusjonane må leggje betre til rette for  
137 studentdemokratia sine, og opplever at dette blir følgd opp lokalt.

138 Me arbeider med at sektoren som heilskap skal nå berekraftsmåla, då må me ta i eit tak sjølv òg. Ved  
139 at landsmøtet set ei forventning om at organisasjonen sine arrangement skal vere berekraftige gir det  
140 eit sterkt signal om at arbeidet gjennom året skal ha berekraft i mente.

141 Fleirtalet i sentralstyret meiner det er nødvendig å ha desse punkta for at landsmøtet skal gi  
142 føringar på kva organisasjonen skal gjere internt den komande perioden. Punkta er konkrete på  
143 kva som skal gjerast, men seier ikkje korleis det skal skje. Fleirtalet meiner også at forslaga i  
144 dissens 4 og 6 inngår i ordinær drift, og er forventa at organisasjonen gjer på ein tilfredsstillande  
145 måte.

## 146 **DISSENSER**

147 **Dissens 1:** Jens Lægreid, Marion Gustavsen, Magne Bartlett

148

149 **Dissens 2:** Jens Lægreid

150 **Begrunnelse dissens 2:** *Mindretallet mener det innstilte punktet bør ansees som ordinær drift av NSO*  
151 *og dermed ikke bør inngå i en handlingsplan.*

152

153 **Dissens 3:** Jens Lægreid, Fatema Al-Musawi

154 **Begrunnelse dissens 3:** *Mindretallet mener at internpolitikk er noe som skal forvaltes av de med*  
155 *tillitsverv i organisasjonen. Vi mener det er uheldig om større oppgaver i en organisasjon skal reguleres*  
156 *i detalj, da det kan skape en presedens som gjør det vanskelig å utnytte det handlingsrommet som*  
157 *måtte oppstå i løpet av perioden. Det er naturlig at forutsetningene for å få gjennomført politikk kan*  
158 *endre seg stort mellom landsmøtene, og at landsmøtet derfor må peke ut sentral politikk for å*  
159 *signalisere hva landsmøtet mener er viktig i perioden som kommer. Med dette mener mindretallet at*  
160 *landsmøtet bør være tydelige i sine politiske prioriteringer, hvilket vi mener et så sterkt fokus på*  
161 *internpolitikk er med å vanne ut. Avslutningsvis legger mindretallet følgende anekdote til grunn:*  
162 *Landsmøtet peker ut målet, de tillitsvalgte tar oss dit.*

163

164 **Dissens 4:** Marion Gustavsen, Rune Keisuke Kosaka

165 **Begrunnelse dissens 4:** *Sentralstyrets mindretall mener det er viktig at NSO arbeider målrettet for å*  
166 *inkludere sentralstyrets varaer også i møter og arrangement der de ikke har stemmerett. For å styrke*  
167 *det kollegiale samholdet, styrke evnen til videre rekruttering av tillitsvalgte og gjøre det lettere for*  
168 *innkalte varamedlemmer å ta del i debatten mener vi NSO må jobbe for å inkludere sentralstyrets*  
169 *varaer i arrangement i NSO*

170

171 **Dissens 5:** Magne Bartlett, Bjørn Olav Østeby

172 **Begrunnelse dissens 5:** *Vi mener punktet er for vagt og virker symbolsk. Retningslinjer for*  
173 *bærekraftig drift hører bedre hjemme i økonomireglementet. Ved behov kan vi heller skjerpe disse*  
174 *retningslinjene*

175

176 **Dissens 6:** Bjørn Olav Østeby, Gjermund Kvernmo Langset

177 **Begrunnelse dissens 6:** Vi mener det er avgjørende at organisasjonen følger opp eksterne  
178 representanter i det arbeidet de gjør på vegne av NSO og at dette ikke har blitt gjort godt nok tidligere.  
179 Vi tror dette vil sikre mer gjennomslag på vegne av studentene og gi Arbeidsutvalget bedre innsikt i hva  
180 som skjer i sektoren. Derfor ønsker vi også at dette skal stå i handlingsplanen.

---

181 **INNSTILLING**

182 Handlingsplan 2018-2019 vedtas.

---

183

# 1 VEDLEGG 1: FORSLAG TIL HANDLINGSPLAN 2019-2020

## 2 HANDLINGSPLAN

3 Handlingsplana er landsmøtet si plan for kva Norsk studentorganisasjon skal leggje vekt på det  
4 neste året. Plana legg føringar for kva politiske prioriteringar organisasjonen skal gjere i perioden,  
5 og kva organisasjonen skal leggje vekt på i arbeidet sitt. Dette dokumentet legg grunnlaget for det  
6 politiske og organisatoriske arbeidet i organisasjonen, saman med statsbudsjettkrava som er  
7 vedteke av sentralstyret. Handlingsplana er ikkje uttømmande for organisasjonen sitt arbeid  
8 gjennom året.

## 9 STUDENTLIVET

10 NSO skal arbeide for

- 11 • betre støtteordningar for studentkultur og studentidrett.
- 12 • at det blir investert i førebyggjande tiltak for å betre studentane si psykiske helse.
- 13 • at studentar blir omfatta av yrkesskadeforsikringslova.
- 14 • å betre dei økonomiske vilkåra og tilrettelegginga for gravide studentar og studentar  
15 med barn.
- 16 • At studentar blir innlemma i ordninga om offentlig bostøtte.

### **Dissens 1: Marion Gustavsen, Magne Bartlett, ny linje**

Campus skal være et attraktivt og tilgjengelig sted å opphalde seg for studentar.

## 17 INTERNASJONALT

18 NSO skal arbeide for

- 19 • å redusere visumavgifta og eigenkapitalkravet for internasjonale studentar.
- 20 • studentrepresentasjon i globale fora og være en tydelig stemme for gratis høgare  
21 utdanning internasjonalt.

## 22 UTDANNINGSKVALITET

23 NSO skal arbeide for

- 24 • at norske studentar får betre fagleg oppfølging.
- 25 • at sektoren jobbar for at verda når FN sine berekraftsmål i henhold til Agenda 2030.
- 26 • at all praksis i høgare utdanning skal gi studiepoeng.
- 27 • At alle studentar skal få oppleve eit akademia kor deira språklege behov vert møtt -  
28 både fagleg og identitetsmessig.
- 29 • Å følge opp arbeidet med revideringa av Universitets- og høgskolelova.
- 30 • Øke andelen innovasjon og entreprenørskap i høyere utdanning.
- 31 • En nasjonal kartlegging av studentar med tilretteleggingsbehov.

### **Dissens 2: Jens Læg Reid, linje 29**

Stryke punktet.

32 **INTERNPOLITISK**

33 NSO skal arbeide for

- 34
- å utvikle organisasjonen sine kurstilbud og gjere dei betre kjent for medlemmane.
  - 35 • at resultatane frå den årlege medlemsundersøkinga blir nytta til å gi UHR konkrete forslag
  - 36 for sikrere og styrka drift av lokale studentdemokrati.
  - 37 • at organisasjonen sine arrangement skal vere berekraftige.

**Dissens 3: Jens Læg Reid, Fatema Al-Musawi, linje 32-37**

Stryk kapitlet.

38

**Dissens 4: Marion Gustavsen, Rune Keisuke Kosaka, nytt punkt**

Jobbe for å inkludere sentralstyrets varaer i arrangement i NSO.

39

**Dissens 5: Magne Bartlett, Bjørn Olav Østeby, linje 37**

Stryk punktet.

40

**Dissens 6: Bjørn Olav Østeby, Gjermund Kvernmo Langset, nytt punkt**

at organisasjonen følger opp studentar valt til eksterne råd og utval.

41